

Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral


Forslag til vedtak i kommunestyret juni 2022

Målsetting.

- Masfjorden frivilligsentral er ein møteplass for dei som driv frivillig arbeid.
- Frivilligsentralen skal gjennom å stimulera til frivillig arbeid, bidra til å utvikla eit levande lokalmiljø der folk møtest, deltek aktivt, samarbeider, bruker evner, utviklar interesser, og tek medansvar i ulike oppgåver.
- Frivilligsentralen er for alle innbyggjarar i alle aldrar, og på tvers av generasjonar.
- Frivilligsentralen sine tenester skal vera eit supplement til offentlege og private tilbod.
- Frivilligsentralen skal fremja og utvikla frivillig innsats til det beste for enkeltpersonar, grupper, organisasjonsliv og lokalmiljø i Masfjorden kommune.
- Frivilligsentralen skal bidra til å auka livskvalitet for innbyggjarane.

Organisering og eigarskap.

- Masfjorden kommune eig Masfjorden frivilligsentral.
- Masfjorden kommune driv frivilligsentralen i samarbeid med Masfjorden sokn, frivillige lag og organisasjonar, og uorganiserte frivillige.
- Kommunen har budsjett- og rekneskapsansvar for frivilligsentralen.
- Kommunen har arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar og andre tilsette.
- Styret for frivilligsentralen har ansvaret for innhald og aktivitet i sentralen.
- Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta av frivilligsentralen.



Viktige oppgåver.

Frivilligsentralen skal utvikla aktivitet og tilbod drive i eigen regi, og bidra til samarbeid med og mellom frivillige, lag og organisasjonar, næringsliv, kommunen og andre, som til dømes Nav og Einekavane.

Sentralen skal:

- Arbeide for å ha oppdatert oversikt over kva innbyggjarar i Masfjorden ynskjer og treng av tilbod og ordningar som kan organiserast som frivillig innsats.
- Inspirere til frivillig innsats og samarbeid i lokalmiljøet.
- Leggja til rette for at alle som ønskjer det skal kunne delta som frivillige.
- Sørge for utvikling av bredde og variasjon i aktivitetstilbodet.
- Prioritere frivillig innsats for personar der behov i liten grad er dekket.
- Informere om frivillig arbeid, og gje råd og rettleiing om dette.
- Bidra til auka verdsettjing av frivillig arbeid.

Prinsipp for arbeidet.

- Frivillige skal kunne delta på eigne premisser, utifrå eigne interesser, føresetnader og evner, og bestemmer sjølv omfanget av arbeidet.
- All aktivitet skal vera kjenneteikna av inkludering, likeverd, medverknad, og motverke diskriminering.
- Behovet for og ynskje om frivillig innsats skal vere styrande for innhald og aktiviteter i sentralen.
- Frivilligsentralen skal ikkje erstatta lovpålagte offentlege oppgåver.
- Frivillig arbeidet er ulønna, men sentralen kan dekke faktiske utgifter etter avtale.

Styre.

Masfjorden frivilligsentral har eit eige styre med slik samansetjing:

- 1 folkevald representant.
- 2 representantar oppnemnt av rådmannen.
- 1 representant oppnemnt av Masfjorden sokn.
- 3 representantar for frivillige, valde av årsmøtet.

Dagleg leiar er skrivar for styret og har tale og forslagsrett.

A. Arbeidet i styret:

- Styret har møte minimum ein gong per kvartal, og når leiar kallar inn, eller når minimum 4 representantar krev det.
- Styret er vedtaksført når minimum halvparten av styremedlemmane er til stades.
- Vedtak blir fatta med alminneleg fleirtal.
- I saker med likt stemmetal har leiar dobbeltstemme.
- Styret skal utarbeida forslag til budsjett og handlingsplan for frivilligsentralen før rådmannen legg dette fram for kommunestyret.

B. Val og oppnemning.

- Kommunestyret vel ein folkevald representantar til styret for Masfjorden frivilligsentral.
- Rådmannen utnemner to administrative representantar.
- Dei tre representantane for dei frivillige blir valde av årsmøtet for 2 år om gongen. For best mogleg kontinuitet i styret, så vert val av representantar av frivillige gjort ved to representantar i oddetalsår og ein representant i partalsår.
- Styret vel leiar og nestleiar blant styremedlemmene. Leiar og nestleiar er på val kvart år.

C. Mandat og oppgåver for styret.

Generelt:

- Styremedlemmene skal halde seg informerte og oppdaterte om verksemda i frivilligsentralen og om dei aktuelle dokumenta som regulerer organisering og drift av sentralen.
- Styremedlemmene har teieplikt når det gjeld personopplysningar.

Oppgåver:

- Sjå til at sentralen blir driven i samsvar med gjeldande lovverk, nasjonale retningslinjer, egne vedtekter, planar og avtaler.
- Vedta planar for aktiviteten i sentralen, følgje desse opp og sjå til at dei blir evaluerte.
- Avgjere førespurnadar om større oppdrag og aktivitet frå kommunen eller andre.
- Godkjenne samarbeidsavtalar med eksterne aktørar.
- Sjå til at det er samsvar mellom tilgjengelege ressursar og fastsette mål.
- Arrangere årsmøte for sentralen.
- Vere premissleverandør og deltakar i utvikling av frivillig arbeid i Masfjorden kommune.
- Uttalerett ved utlysingar av stillingar i frivilligsentralen.
- Handsame saker som gjeld avvik frå planlagt drift i frivilligsentralen.

Dagleg leiar.

- Dagleg leiar er tilsett i Masfjorden kommune på kommunale arbeidsvilkår.
- Dagleg leiar er delegert ansvar og oppgåver for dagleg drift og utvikling av sentralen, slik dette går fram av skildring av stillinga for dagleg leiar.
- I den grad tidsressursen tillet det, kan styret påleggje dagleg leiar oppgåver knytt til drift og utvikling av sentralen som ikkje er tekne med i skildringa av stillinga.
- Dagleg leiar er skrivar for styret.
- Dagleg leiar organiserer arbeidet i sentralen og fordeler oppgåver til andre tilsette.

Årsmøte.

Om årsmøtet.

- Årsmøtet skal vera eit møtepunkt og ein arena for dialog og samskaping mellom ansvarlege og involverte i sentralen, og gje råd om drift til eigar.
- Styret for Masfjorden frivilligsentral held årsmøte for involverte i sentralen.
- Årsmøtet vert halde innan utgangen av februar.

Møte-, forslags- og røysterett på årsmøtet er fordelt slik:

- Frivillige som har vore registrert som aktive i sentralen siste året har møterett, forslagsrett og røysterett.
- Medlemer av styret for sentralen har møterett, forslagsrett og røysterett.
- Ordførar, rådmann, hovudutvalsleiarar og kommunalsjefar har møterett og forslagsrett, men ikkje røysterett.
- Tilsette i frivilligsentralen har møterett og forslagsrett, men ikkje røysterett.

Årsmøtet skal:

- Handsama årsmelding for frivilligsentralen.
- Velje frivillige representantar til styret.
- Gje innspel som gjeld handlingsplan og satsingsområde for drift og utvikling av sentralen og anna aktuelt frivillig arbeid i kommunen.

Kunngjering.

- Kunngjering/ innkalling til årsmøtet skjer seinast 4 veker før samlinga.
- Årsmelding skal publiserast seinast 2 veker før samlinga.
- Det blir ført protokoll/referat for årsmøtet, som vert oversendt rådmann.

Frivilligpris.

- Frivilligprisen kan delast ut kvart år eller når styret for Masfjorden frivilligsentral gjer vedtak om slik tildeling.
- Føremålet med prisen er å synleggjere frivillig arbeid i Masfjorden kommune og å inspirere til frivillig innsats.
- Frivilligprisen kan delast ut til ein person, ei lokal foreining eller ei gruppe som har utmerka seg med frivillig, ubetalt innsats, engasjement, initiativ og pågangsmot til beste for enkeltpersonar, grupper eller samfunnet.

Endringar i vedtektene.

- Kommunestyret kan til ei kvar tid gjere endringar i vedtektene.
- Styret for frivilligsentralen skal ved framlegg om vedtektsendringar uttale seg.
- Styret for frivillig kan på eige initiativ gjere framlegg om vedtektsendringar.